



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

Vår ref.: 2019/377-140

Dato: 11.11.2020

Til: Anne Lise Næs

Frå: Bente Høyland

Særutskrift - Områderegulering for Sunde tettstad - PlanID 20190004

Kommunestyret hadde saka føre i møte 22.10.2020 som sak 2020/107.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2019/377-126

Saksbehandlar

Anne Lise Næs

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2020/26	Plan-, teknikk- og miljøutval	13.10.2020
2020/107	Kommunestyret	22.10.2020

Fastsetting av planprogram med plangrense - Områderegulering for Sunde tettstad PlanID 20190004

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kvinnherad kommunestyre fastset planprogram datert 21.09.2020 med plangrense 20.12.2019, for områderegulering for Sunde tettstad. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-9 og jf. § 4-1.

Administrasjonen får fullmakt til å gjere eventuelle tekniske justeringar i planprogrammet mellom Plan-, teknikk og miljøutvalet si handsaming og endeleg fastsetting i kommunestyret.

Behandling i Plan-, teknikk- og miljøutval den 13.10.2020

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling frå Plan-, teknikk- og miljøutval den 13.10.2020

Kvinnherad kommunestyre fastset planprogram datert 21.09.2020 med plangrense 20.12.2019, for områderegulering for Sunde tettstad. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-9 og jf. § 4-1.

Administrasjonen får fullmakt til å gjere eventuelle tekniske justeringar i planprogrammet mellom Plan-, teknikk og miljøutvalet si handsaming og endeleg fastsetting i kommunestyret.

Behandling i Kommunestyret den 22.10.2020

Plan, teknikk og miljøutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 22.10.2020

Kvinnherad kommunestyre fastset planprogram datert 21.09.2020 med plangrense 20.12.2019, for områderegulering for Sunde tettstad. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 12-9 og jf. § 4-1.

Administrasjonen får fullmakt til å gjere eventuelle tekniske justeringar i planprogrammet mellom Plan-, teknikk og miljøutvalet si handsaming og endeleg fastsetting i kommunestyret.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Utarbeiding av områderegulering for Sunde har vore del av planoppgåvene i kommunen sin planstrategi for valperioden 2015-2019. Kommunestyret gjorde 20.12.2018 vedtak om å øyremerke midlar av Havbruksfondet til områderegulering for Sunde, samstundes som dei bad om gjennomføring av planarbeidet i 2019.

Ny arealdel til kommuneplanen (KPA) er under utarbeiding og ein må samkøyre arbeidet med denne områdereguleringa og KPA. Planarbeidet er vidare planlagt å byggje på føringar i planstrategien.

I gjeldande arealdel for Kvinnherad kommune er areala i «sentrum» av Sunde i stor grad avsett til næring. Områda på nordsida av brua er likevel avsett til naust, og det er sett av eit nytt bustadområde innafor planavgrensinga, like bak Jensavegen.

Ei områderegulering skal generelt leggje til rette for vidare planlegging, utvikling og bygging, ved å bestemme dei overordna rammene, t.d. når det gjeld vegar, grønstruktur, friluftsområde og anna. Hovudmålet med planen for Sunde, er vurdert til å vere vidareutvikling av Sunde som ein attraktiv tettstad. Kollektivaksar og gang- og sykkelvegnett skal utbetrast. Ein ynskjer å ta vare på og vidareutvikle alle dei særkvalitetar som Sunde har. Uterom og offentleg rom bør ha høg kvalitet.

Kommunen har knytt til seg konsulent Norconsult AS for å hjelpe med planarbeidet og prosessane.

Forslag til planprogram vart lagt ut til offentleg ettersyn, samstundes med varsel om oppstart av planarbeidet, frå 28.04.20 til 19.06.20. Det kom inn 9 uttaler frå offentlege høyringsinstansar og 21 merknader frå private organisasjonar, lag og privatpersonar. Desse er referert og kommentert i eige vedlegg. Dei fleste innspela omhandlar sjølve planutforminga, men nokre gjeld likevel innhaldet i planprogrammet.


Planprogrammet er på bakgrunn av uttalene og merknadene, revidert i kap. 5, 6, 10 og 11. Merknadane til sjølve planutforminga vert førebels tatt til orientering, og vil følgje med til sjølve prosessen med å utforme planforslaget.

Det fastsette planprogrammet vil gje grunnlag for det vidare arbeidet med områdeplanen.

Om planavgrensing og tilhøve til andre planar

Planområdet omfattar sentrum av Sunde og tilgrensande bustadområde. I tillegg er del av Sundsvegen og Slettestølsvegen tatt med. Dette for å kunne vurdere utbetring av desse vegane, særleg knytt til mjuke trafikantar.

For at planen ikkje skal bli for omfattande, har ein valt å ikkje ta med bustadområda kring Slettestølsvegen. Dette området er likevel i stor grad utbygd.



Plangrensa er ikkje justert etter at planprogrammet har vore på høyring, men grensa kan likevel bli mindre justert i løpet av planprosessen.

Om planprogrammet og utgreiingstema

Planprogrammet utdjuar bakgrunn og føremålet med planarbeidet, og inneheld oversyn av plangrunnlag og utfordringar med meir. Planprogrammet inneheld også informasjon om tidleg medverknad, og om ulike utviklingsscenario som må gjerast greie for.

Sett bort frå skule, busetnad og aktiviteten knytt til Vikingfjord, er det lite aktivitet på Sunde i dag. Det er ingen butikkar eller bevertningsstader langs gatene, men Bergslagen arrangerer temakvelder og aktivitetar knytt til båtliv.

Med det store talet på innbyggjarar i det konsentrerte Sunde, er det føreslege å leggje til rette for at Sunde igjen kan få funksjonar som naturleg høyrer heime i eit lokalsenter. Det er vurdert at faren er liten for at Sunde skal bli ein konkurrent til regionsenteret Husnes.

Det er ein klar intensjon i planarbeidet å ta vare på Strandstaden Sunde, kulturmiljøet i Sunde og det karakteristiske ved denne. Då ingen er tent med ein tettstad med tomme lokale, blir utfordringa å ta vare på strandstaden samstundes som ein skapar nytt liv.

Her er trong for å finne løysingar for mjuke trafikkantar som ikkje nødvendigvis følgjer Statens vegvesen sin vegnormal, men løysingar som likevel kan fungere tilfredsstillande. Eit forslag som bør vurderast er å stenge Hamrabrekko.

Om endringar i planprogrammet

Planprogrammet er etter høyring endra i kapittel 5. Det er no i tillegg lagt til grunn Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging med dei 17 berekraftsmåla til FN. Vidare er Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, lagt til grunn for planarbeidet. Dette etter uttale frå Fylkesmannen i Vestland.

Planprogrammet er etter høyring endra i kapittel 6 når det gjeld naturmangfald.

Naturressursar er no eit utgreiingstema og det er omtala to område for fiske. Planområdet grensar til desse områda og må takast omsyn til.

Like eins er det omtala eit gytfelt for kysttorsk som kjem inn i planområdet. Yngelen er særleg ømfintleg for steinstøv frå sprenging og utfylling, og det må vurderast kva konsekvensar planen vil få for gytande kysttorsk og yngel. Dette etter uttale frå Fiskeridirektoratet.

Planprogrammet er etter høyring endra i kapittel 10, der naturressursar no er eit utgreiingstema.

Planprogrammet er etter høyring endra i kapittel 11 under framdrift og medverknad.

Ein fekk av ulike grunнар ikkje behandla sak om oppstart av arbeidet i samsvar med først føreslått framdriftsplan, og framdrifta vert difor noko justert. Sjå tabell under:

	Tidsrom
Moglegheitsstudie og registreringsfase	September/ okt/ nov/des 2020
Medverknad frå ålmenta, møte med referansegruppa, møte med utbyggjarar/ andre plankonsulentar	Des 2020
Planskisse og utteikning av konkrete forslag for nokre tema/ område	Jan 2021
Møter med vegmynde, berørte grunneigarar, referansegruppa, planforum	Feb 2021
Utarbeiding av plandokument	Mars/ april/ mai 2021
1.gangs handsaming av planforslaget med konsekvensutgreiing	Juni/ aug 2021
Offentleg ettersyn med kontordag	Sept/ okt 2021
Revidering av planforslaget	Nov 2021
Handsaming og vedtak	Des/ jan/ feb 2021/2022

Noko skuldast koronapandemien og noko er på grunn av forsinka konstituert PTM. Ein forventar no 1. gangs behandling av sjølve områdereguleringa våren 2021, og endeleg vedtak rundt januar 2022.

Etter at moglegheitsstudiet er laga, vert det gjennomført eit opplegg med medverknad frå innbyggjarane i Sunde, der dei kan kome med synspunkt på løysingar som kjem fram i moglegheitsstudien. Moglegheitsstudien skal og drøftast med referansegruppa. Grunneigarar/utbyggjarar som har engasjert eigne plankonsulentar for utarbeiding av detaljregulering på Bjelland, vert kontakta for å få fram opplysningar som har relevans for planutforminga.

I fase 3 blir det utarbeidd eit forslag til planskisse og konkrete forslag til løysingar, sjå planprogram side 50. Dette vil danne grunnlag for møte med vegmynde og andre regionale instansar i planforum, samt grunnlag for møte med råka grunneigarar. Det blir også halde eit nytt møte med referansegruppa for å få råd og synspunkt.

Når plandokumenta er klare vert områdereguleringa lagt fram til 1. gongs behandling. Under påfølgjande offentleg ettersyn, vil det mellom anna haldast ein kontordag der innbyggjarane kan

stille spørsmål og få informasjon. Alle som ynskjer det, vil under det offentlege ettersynet, kunne sende inn synspunkt på det framlagte planforslaget til kommunen.

Økonomisk konsekvens:

For oppdraget fram til levering av planprogram, er det budsjettert med kr. 289.000,-. Vidare arbeid er estimert til å ha ein kostnad på om lag 1,3 mill. Det må gjerast nytt avrop mot konsulenten for budsjett og arbeidsopplegg for sjøve områdereguleringa når planprogrammet er fastsett. Kommunen bidreg med eige personell i planarbeidet.

Miljøkonsekvens:

Planarbeidet skal byggje opp under nasjonale mål om klimavenleg og berekraftig utvikling. Folkehelse vil verte fremja ved tilrettelegging av betre løysingar for mjuke trafikkantar. Om me klarar å leggje til rette for betre kollektivtilhøve, så vil også det kunne fremje klima og miljø. Like eins vil betre tilbod til mjuke trafikkantar, kunne fremje klima og miljø.

Konklusjon:

Forslag til planprogram er i samsvar med kommunen sin planstrategi og kommunen sin kommuneplan. Planprogrammet tek omsyn til statlege og regionale føringar, og legg klare rammer for det vidare arbeidet. Dei viktigaste utfordringane er påpeika og planprogrammet gjer greie for kva tema som må utdjupast.

Planprogrammet vert no lagt fram for Plan-, teknikk- og miljøutval, i samsvar med delegeringsreglement, og deretter i kommunestyret for fastsetting.

Vedlegg:

- 1 Justert planprogram etter høyring 21.09.2020, tek.just.aln
- 2 Oppsummering av uttaler og merknader 10.09.2020
- 3 Plangrense 20.12.2019, Sunde tettstad